



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2016	Valstyret	PS	21.04.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård		16/487

UTFORMING AV RØYSTESEDDEL

Valstyret - Sak 06/2016

VAL - Behandling:

Følgjande framlegg til røystegrunnlag frå ordførar vart lagt fram i møtet:

Alternativ 1: **Vaksdal kommune skal halda fram som eigen kommune utover 01.01.2020**

Alternativ 2: **Vaksdal kommune saman med Bergen kommune.**

Vaksdal kommune inngår ein intensjonsavtale med Bergen og eventuelt Osterøy om samanslåing f.o.m. 01.01.2020 på følgjande vilkår:

- a. Det er eit vilkår at Bergen gjenreiser eit reelt bydelsdemokrati der Vaksdal vert ein del av Arna bydel
- b. Vaksdal kommune skal justera eigne kommunegrenser i indre strøk etter inndelingslova. Folkerøysting om dette skal haldast i høve stortingsvalet 2017.

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes om nytt punkt b):

Vaksdal kommune skal halde folkerøysting om justering av kommunegrenser i indre strøk, etter inndelingslova, i samband med stortingsvalet 2017.

Framlegget frå Eirik Haga samrøystes vedteke med endringa frå Kjartan Haugsnes.

Det vert i tillegg informasjon om framgangsmåten for røystinga på røystedlane, herunder informasjon om at hvis ein ikkje krysser på nokon av alternativa blir dette oppfatta som ein blank seddel og hvis ein krysser i begge felta, blir seddelen forkasta.

VAL - Vedtak:

Valstyret vektek at følgjande røystegrunnlag skal stå på røysteddelen:

Alternativ 1: **Vaksdal kommune skal halda fram som eigen kommune utover 01.01.2020**

Alternativ 2: **Vaksdal kommune saman med Bergen kommune.**

Vaksdal kommune inngår ein intensjonsavtale med Bergen og eventuelt Osterøy om samanslåing f.o.m. 01.01.2020 på følgjande vilkår:

- a. Det er eit vilkår at Bergen gjenreiser eit reelt bydelsdemokrati der

Vaksdal vert ein del av Arna bydel

- b. Vaksdal kommune skal halde folkerøysting om justering av kommunegrenser i indre strok , etter inndelingslova, i samband med stortingsvalet 2017